

Samandrag kapittel 5, nynorsk

Ressursar, næringsliv og busetnad i Noreg

Ressursar kan vere både **naturressursar** og **kulturressursar**. **Naturressursar** er førekomstane i naturen som kan vere til nytte for menneske, som **materialressursar** og/eller **energiressursar**. **Kulturressursar** er knytte til menneska sjølv og det menneska har skapt. Kunnskapar og teknologi er viktige kulturressursar som gjer at naturressursar kan utnyttast. Ein **potensiell ressurs** blir ein **aktuell ressurs** når teknologi og økonomi gjer det mogleg å utnytte ressursen.

*Ressursar som blir danna seint, kallar vi **ikkje-fornybare ressursar** eller **lagerressursar**. **Fornybare ressursar** er ressursar det tek kort tid å danne eller fornye, det vil seie **krinsløpsressursar** og **ressursar som kan fornyast på visse vilkår**. Fotosyntesen er grunnlaget for **grøne ressursar**. **Berekraftig utvikling** er ressursutnytting basert på bruk og ikkje på overforbruk av ressursane som kan fornyast på visse vilkår.*

Industrisamfunnet baserte seg mykje på å utnytte ikkje-fornybare ressursar, som råvarer og energi. I det **postindustrielle samfunnet** (**kunnskapssamfunnet**) er kunnskapar og høgteknologi minst like viktig som naturressursar.

Med **næringsstruktur** meiner vi inndelinga av næringslivet i **primærnæringar**, **sekundærnæringar** og **tertiærnæringar**. **Kvartærnæringar** er ei uoffisiell nemning på «nye næringar» som omfattar forskning, teknologiutvikling, informasjonsbehandling og medieverksemd. Næringsstrukturen har endra seg mykje i dei siste 150 åra.

Naturforholda gjer det vanskeleg å drive **jordbruk** i Noreg. Noreg har for lite jordbruksareal til å dekkje behov for matvarer i landet. Dei statlege økonomiske overføringane medverkar til **regional spesialisering** i jordbruket. Dei beste jordbruksområda er Jæren og flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag. I jordbruket har det sidan 1950 vore mykje rasjonalisering og mekanisering. Det har ført til ein sterk nedgang i talet på sysselsette, og færre, men større gardsbruk og større produksjon.

Skogen dekkjer 37 % av landarealet i Noreg. Austlandsfylka har mest skog. Her går barskogen opp til vel 1000 m over havet. Trøndelag har òg mykje skog, medan skoggrensa minkar raskt mot vest og mot nord i landet. Ytst på Vestlandskysten og lengst nord på Finnmarkskysten finn vi eit skoglaust landskap. Gran er det viktigaste treslaget i Noreg og har størst utbreiing på Austlandet og i Trøndelag. Furu veks der marka er tørrare og på fjellknausar. På Vestlandet har furua kjerneområdet sitt. Her finst ikkje naturleg granskog, men planta granskog trivst godt. Bjørk er vanlegast i dei tre nordlegaste fylka. I skogbruket har det òg vore mykje mekanisering og rasjonalisering. Moderne skogsdrift har ført til konflikhtar mellom skogbruksinteresser og verneinteresser.

Fiskeri er ei av dei viktigaste eksportnæringane våre. Noreg er ein av dei store fiskerinasjonane i verda. Dei viktigaste fiskeartane i norske fiskeri er torsk, sei, makrell, sild og lodde. Torsk har størst fangstverdi. I 1950-åra heldt sildestamma på å bli utrydda. For å hindre overfiske har styresmaktene innført reguleringar i form av konsesjonar og kvotar. Også i fiskerinæringa har det vore rasjonaliseringar og færre arbeidsplassar enn før. I slutten av 1970-åra vart det innført 200 mils økonomisk sone i havområda utanfor Noreg.

Den totale produksjonsverdien frå **havbruksnæringa** har dei siste åra gått forbi fangstverdien frå dei tradisjonelle kyst- og havfiskeria. Det meste av produksjonen av oppdrettslaks blir eksportert, først og fremst til EU-landa, Japan og Russland.

Vasskrafta dekkjer det meste av elektrisitetsforbruket i landet. Store høgdeskilnader, mykje nedbør og høgtliggjande innsjøar er grunnlaget for vasskrafta. Utbyggingsmotstandarar har møtt fleire kraftutbyggingar med demonstrasjonar og sivil-ulydnad-aksjonar. Nokre vassdrag er verna mot vasskraftutbygging for å sikre at ein tek vare på verdiar i vassdragsnaturen vår for ettertida.

Olje- og gassutvinning går føre seg både i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet. Petroleumsvirksemda har vorte den viktigaste næringa i landet. I dag er Noreg den femte største oljeeksportøren og den tredje største gasseksportøren i verda. Petroleumsvirksemda er den viktigaste grunnen til at Noreg no er det rikaste landet i verda i forhold til innbyggjartalet. Olje- og gassvirksemda kan ha uheldige miljøkonsekvensar, til dømes forureining frå boreriggane eller frå oljetransport. Barentsregionen er eit havområde der miljøet er følsamt, men vil kunne få ei viktig rolle i å forsyne verda med petroleum i framtida.

Tradisjonelle **lokaliseringsfaktorar** for industri er råvarer, energi, marknad og tilgang til nok og kvalifisert arbeidskraft. Moderne, **kunnskapsbasert industri** blir gjerne lokalisert i byar og tettstader med etablerte industri- og forskingsmiljø. Kongsberg er eit døme på ei moderne **industriklynge** i Noreg.

Særleg tett **busetnad** er det omkring Oslofjorden. Ca. tre firedelar av befolkninga bur langs kysten. Tett busetnad finn vi òg ved Trondheimsfjorden og på Vestlandskysten mellom Bergen og Stavanger. Elles bur det mange i låglandet på Austlandet, i Trøndelag, på Jæren og i dalføre i innlandet. Historisk sett har jordbruket lagt grunnlaget for spreidd busetnad i Noreg. Gardar som ligg enkeltvis, er typisk for den norske landsbygda. På 1700- og 1800-talet auka busetnaden her i landet, med mange husmannsplassar og hyllegardar i fjordsider. Denne busetnaden minka raskt på slutten av 1800-talet. På 1900-talet, særleg etter 1950, vart mange små og tungdrivne gardar nedlagde i ein periode med sterk vekst i næringslivet i byane.

Fiskevær er mindre tettstader langs kysten. Moderniseringa av fiskeflåten har ført til at mange tradisjonelle fiskevær har vorte avfolka, medan byar som ligg langt frå fiskefelt, blir viktige basar for havfiskeflåten (Tromsø, Hammerfest og Ålesund).

Industribyane Halden, Drammen og Larvik er døme på byar som voks fram basert på sagbruksindustri og trelasteksport på 1500- og 1600-talet. Samtidig begynte fleire bergverk med utvinning av metall. Gruvedrift vart grunnlaget for Kongsberg (sølv) og Røros (kopar).

Elektrisk energi basert på vasskraft vart viktig for industrireisinga i Noreg frå omkring 1900. Den kraftkrevjande industrien la grunnlaget for mange nye **einsidige industristader**, til dømes Høyanger og Årdal med sine store aluminiumsverk, gjerne omtala som **hjørnesteinsbedrifter**. Først var det å liggje nær vassfall ein viktig lokaliseringsfaktor for slik industri. Seinare har ny teknologi gjort det mogleg å overføre elektrisiteten over store avstandar. Då kunne kraftkrevjande industri òg plasserast ute ved kysten, til dømes på Karmøy og Lista.

Sentrale funksjonar er tenester som vi oftast finn i byar og på tettstader. Landsdelsentra Bergen, Trondheim og Tromsø har mange sentrale funksjonar og har difor høg **sentralitet**.

Desse byane ligg eit trinn under hovudstaden, Oslo, i **sentralstadhierarkiet**. På lågare trinn i hierarkiet finn vi mindre byar og tettstader med færre sentrale funksjonar.

Det at stadig fleire menneske flytter frå bygdesamfunn til byar og tettstader, kallar vi **urbanisering**. Urbaniseringsprosessen skjer både i i-land og i u-land over heile kloden. Mange har flytt frå Nord-Noreg og innlandsfylka til Oslo og Akershus. Dei fleste som flytter, er unge, oftast kvinner. Fråflytting fører til skeiv alders- og kjønnsfordeling og problem med å halde oppe tenestetilbodet i distrikta. I sentrale strøk kan tilflytting føre til miljø- og pressproblem.

Ein **byregion** er ein større by med forstader, bygder og bygdebyar der det er bustadområde for folk som **pendlar** til byen for å arbeide. Byar og byregionar kan gro i hop til eit samanhengande byområde, ein **konurbasjon**.